

Om openheitslova

Openheitslova skal fremje verksemdar sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i samband med produksjon av varer og levering av tenester, samt sikre allmennheita tilgang til informasjon om korleis verksemdar handterer negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve.

Om oss, produkt, tenester og marknaden vi opererer i

Vi i Telemark Bilruter AS er eit tradisjonsrikt og framtidsretta transportkonsern med hovudkontor i Seljord.

Sidan etableringa i 1919 har vi utvikla oss til å bli ein sentral aktør innan persontransport, godstransport, logistikk og eigeidomsforvaltning i Telemark og omegn.

Konsernet vårt består av fleire selskap som saman dekkjer heile verdikjeda innan transport og service:

- Telemark Bilruter AS (morselskapet) held stabsfunksjoner for heile konsernet.
- Telemark Transportservice AS (tidlegare Telemark Godslinjer AS og Telemark Transportservice AS, fusjonert desember 2025) tilbyr transport- og logistikktjenester næringslivet og privatkundar. Vi leverer mellom anna stykk gods, container- og spesialtransport, terminaldrift, renovasjon, spyle- og tømmetjenester samt avfallsmottak. Gjennom moderne utstyr og høg kompetanse sørgjer vi for effektive og trygge løysingar for kundar i heile regionen. Vi legg stor vekt på presisjon, service og berekraftig drift.
- Telemark Bilruter Buss AS tek vare på drift og administrasjon av busstransporttenester, og bidreg til trygg og effektiv kollektivtransport i regionen. I tillegg driv selskapet turbuss i regionen,
- Telemark Bilruter Eigeidom AS eig, forvaltar og utviklar konsernet sine eigeidommar, verkstadsbygg, terminalar og kontorfasilitetar. Gjennom profesjonell eigeidomsforvaltning sørgjer vi for moderne og funksjonelle driftslokale som støttar verksemdene våre.

Saman tilbyr vi heilskaplege løysingar innan transport, logistikk, service og eigeidomsdrift.

Vi kombinerar lokal forankring og lang erfaring med moderne teknologi, høg fagkompetanse og ein kultur for kvalitet og tryggleik.

Vi er sertifiserte etter ISO 9001 (kvalitetsstyring) og ISO 14001 (miljøstyring), og jobbar målretta med å redusere miljøpåverknad gjennom kontinuerleg fornying av køyretøyparken og investering i meir klimavennlege transportløyningar.

I tråd med openheitslova har vi forankra arbeidet med ansvarleg verksemdsstyring i heile konsernet.

Vi følgjer opp leverandørar og samarbeidspartnarar for å sikre gode arbeidstilhøve, respekt for menneskerettar og høge HMS-standardar i alle delar av verdikjeda.

Vi i Telemark Bilruter-konsernet er stolte av å bidra til trygg, effektiv og berekraftig mobilitet i Telemark – og til å halde menneske, varer og samfunn i rørsle.

Korleis vi arbeider med Openheitslova

Denne utgreiinga gjeld for heile Telemark Bilruter-konsernet, som omfattar følgjande selskap:

Telemark Bilruter AS (morselskapet), Telemark Bilruter Buss AS, Telemark Transportservice AS og Telemark Bilruter Eigedom AS.

Konsernet som heilskap er omfatta av openheitslova, ettersom det samla overstig lova sine terskelverdiar for større verksemdar.

I tillegg oppfyller Telemark Transportservice AS krava til openheitslova også på sjølvstendig grunnlag, basert på omsetning, balansesum og talet på tilsette.

Vi har integrert aktsamheitsvurderingar som ein naturleg del av vår heilskaplege tilnærming til ansvarleg forretningsdrift og berekraftig verksemdsstyring.

Arbeidet vert gjennomført i tråd med OECD sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv, og omfattar både vår eiga verksemd, leverandørane våre og andre forretningsforbindelsar.

I samsvar med openheitslova § 4 har vi identifisert og vurdert leverandørar, samarbeidspartnarar og tenesteytarar som står for gjentekne eller vesentlege leveransar til konsernet – definert som leveransar over kr 100 000 det siste året.

Vi gjennomfører òg særskilde vurderingar av aktørar i bransjar og regionar med kjend risiko for uverdige arbeidstilhøve, mangelfull kontraktsoppfølging, sviktande HMS-praksis eller brot på menneskerettar.

Gjennom aktsamheitsvurderingane våre søkjer vi å avdekkje og handtere både faktiske og moglege negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve.

Vurderingane byggjer på faktorar som geografisk plassering, bransjespesifikke risikotilhøve og typen varer og tenester som vert leverte – særleg knytt til kjøp og drift av køyretøy og reservedelar, verkstadtenester og teknisk service, transport- og logistikktjenester, drivstoff og kjemikaliar, samt byggje- og vedlikehaldstenester for konsernet sine eigedommar, verkstader og terminalar.

Vi legg stor vekt på at leverandørane og samarbeidspartnarane våre har gode system for etikk, sosial berekraft og HMS-oppfølging, samt dokumenterte rutinar for oppfølging av eventuelle underleverandørar.

Arbeidet vert gjennomført gjennom ein kombinasjon av dokumentinnhenting, spørjeundersøkingar, dialog og offentleg tilgjengeleg informasjon.

Aktsamheitsvurderingane er forankra i konsernleiinga, og utgjer ein sentral del av vårt kontinuerlege arbeid for å fremje openheit, ansvarlegheit og respekt for menneskerettar i all verksemd og i heile leverandørkjeda.

Gjennom dette arbeidet ønskjer Telemark Bilruter-konsernet å bidra til ansvarlege innkjøp, trygge arbeidstilhøve og berekraftig utvikling – i tråd med verdiane våre og prinsippa for kvalitet, tryggleik og samfunnsansvar.

Arbeidet med openheitslova er grovt sett organisert i følgjande arbeidsfasar:

Tilrettelegging

- Etablere omfang for arbeidet med openheitslova og aktsamheitsvurderingane
- Involvere deltakarar i arbeidet med openheitslova og aktsamheitsvurderingar
- Identifisere og analysere interessentar til arbeidet med openheitslova

Aktsamheitsvurderingar

- Forankre arbeidet med openheitslova
- Forankre retningslinjer for ansvarleg næringsliv
- Kartleggje faktiske og moglege negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve
- Setje i verk tiltak for faktiske tilhøve og vesentleg risiko
- Kontrollere og dokumentere effekt av tiltak
- Kommunisere med interessentar
- Gjenopprette og erstatte ved faktisk skade på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve

Utgreiing

- Årleg utgreiing av resultat frå aktsamheitsvurderingane (innan 30. Juni kvart år)
- Svare på spørsmål
- Sikre at alle kan kome i kontakt med oss og stille spørsmål til oss om korleis vi arbeider med openheitslova og resultat frå aktsamheitsvurderingane våre

Denne prosedyra er basert på metodikk og digitale arbeidsflater frå Tavler AS.

Telemark Bilruter AS sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv

Telemark Bilruter AS sine retningslinjer er forankra i styret og er implementerte i verksemda.

Retningslinje	Bruk av retningslinje
Policy for ansvarleg næringsliv	Policy for ansvarleg næringsliv skal brukast internt i vår eiga verksemd og også overfor leverandørane og forbindelsane våre, slik at vi alle jobbar systematisk og i same retning når det gjeld ivaretaking av menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve. Policy for ansvarleg næringsliv i verksemda er eit integrert policy-dokument, som tek vare på alle tre fokusområde (menneskerettar,

	anstendige arbeidstilhøve og ytre miljø) for ansvarleg næringsliv.
Etiske retningslinjer	Etiske retningslinjer vert brukte internt i vår eiga verksemd og også overfor leverandørane og forbindelsane våre, slik at vi alle er omfatta av dei same retningslinjene for etisk forretningsverksemd.
Krav til leverandørar og forbindelsar	Dette styrande dokumentet vert brukt som vedlegg til standardkontraktar med leverandørar/forbindelsar, slik at vi avtalefester omsyn til ansvarleg næringsliv i alle kontraktsinngåingar.

Resultat frå arbeidet vårt med akksamheitsvurderingar

Vurdering av risiko

Telemark Bilruter AS vurderer risiko for negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve ut frå to dimensjonar – sannsynlegheit og konsekvens.

Nivå	Sannsynlegheit	Konsekvens
■ Låg	Risikoen vert vurdert som liten. Arbeidsområdet eller leverandøren har etablerte rutinar, dokumenterte system og høg grad av etterleving. Det er lite sannsynleg at negative tilhøve oppstår.	Eventuelle hendingar er venta å ha avgrensa omfang og kan handterast raskt utan alvorlege følgjer for arbeidstakarar, miljø eller verksemd.
■ Middels	Det ligg føre enkelte risikofaktorar eller manglande dokumentasjon. Risikoen er handterbar, men krev oppfølging og dialog for å førebyggje uønskete tilhøve.	Konsekvensar kan ha merkbar betydning for arbeidstakarar eller miljø, og krev tiltak for å redusere risiko og hindre gjentakning.
■ Høg	Risikoen vert vurdert som vesentleg. Det manglar dokumenterte rutinar, eller bransjen/regionen har kjend høg risikoprofil.	Hendingar kan få alvorlege følgjer for helse, tryggleik, miljø eller menneskerettar, og krev strakstiltak og tett oppfølging.

Vi har identifisert følgjande risikoar og/eller faktiske hendingar med negativ påverknad på ansvarleg næringsliv:

Innkjøp av køyretøy, maskiner og andre innsatsvarer

Konsekvens ●, Sannsynlegheit ●

Kva er vi usikre på?

Telemark Bilruter-konsernet nyttar fleire leverandørar av køyretøy, maskiner, delar og teknisk utstyr, som i hovudsak vert leverte gjennom grossistar og detaljistar med eigne internasjonale forsyningskjedar. Produksjon og leveransar innanfor denne kategorien omfattar komplekse verdikjeder som strekkjer seg frå utvinning av råmateriale til ferdig produserte køyretøy og komponentar.

I dei tidlege ledda av verdikjeda kan det førekome risiko for brot på grunnleggjande menneskerettar og uverdige arbeidstilhøve, særleg knytt til utvinning og bearbeiding av metall og råvarer som stål, aluminium, kopar, gummi og litium. Slike prosessar finn ofte stad i land med svak regulering, avgrensa fagforeiningsfridom og låg grad av openheit, og kan innebere barnearbeid, tvangsarbeid, dårlege arbeidstilhøve eller betydelege miljøskadar.

Vidare er det ofte låg sporbarheit i forsyningskjedene for køyretøy, komponentar og reservedelar, noko som gjer det utfordrande å verifisere arbeids- og produksjonstilhøve hos underleverandørar i dei tidlege produksjonsledda. Det kan òg førekome mangelfull dokumentasjon på etikk, HMS og miljøstandardar hos enkelte mellomledd eller importørar.

Gjennom konsernet si leverandørkartlegging ser vi at fleirtalet av dei større leverandørane våre allereie har etablerte tydelege retningslinjer og publiserte utgreiingar etter openheitslova. Desse aktørane har som regel omfattande system for berekraft, ansvarlege innkjøp og etterleving av internasjonale standardar. Derimot vert risikoen vurdert som høgare hos mindre og mellomstore leverandørar, som ofte manglar formaliserte system for etikk, HMS og leverandør oppfølging, eller der openheit og dokumentasjon framleis er under utvikling.

Kvifor har risikoen fått denne vurderinga?

Sannsynlegheita for negative tilhøve vert vurdert som middels. Verdikjedene for køyretøy og andre innsatsvarer er komplekse og strekkjer seg utanfor Europa, men dei fleste leverandørane er norske selskap med europeiske forgreiningar som har etablerte system for ansvarleg leverandørstyring. Risikoen vert difor vurdert som moderat og primært knytt til dei tidlegaste ledda i produksjonen samt til mindre leverandørar med lågare modning.

Konsekvensen vert òg vurdert som middels, sidan eventuelle brot på menneskerettar, HMS-standardar eller miljøkrav i produksjonsledda kan få alvorlege følgjer for arbeidstakarar og bidra til sosial og miljømessig skade. Risikoen vert likevel vurdert som handterbar gjennom tydelege krav til dokumentasjon, oppfølging og samarbeid med leverandørar som kan vise til etablerte system og sertifiseringar.

Innkjøp av verkstadtenester, teknisk service og vedlikehald

Konsekvens ● , Sannsynlegheit ●

Kva er vi usikre på?

Telemark Bilruter-konsernet nyttar fleire leverandørar av verkstadtenester, teknisk service og vedlikehald, både for eigne køyretøy og for ekstern støtte ved større reparasjonar eller spesialiserte oppdrag. Tenestene vert i hovudsak leverte av norske verkstader og servicepartnarar, men òg gjennom enkelte regionale og europeiske aktørar som handterer delar, maskiner og teknisk utstyr.

I denne delen av leverandørkjeda kan det førekome risiko for uverdige arbeidstilhøve og brot på HMS-standardar, særleg hos mindre verkstader der rutinar for tryggleik, arbeidsmiljø og lønns- og arbeidsvilkår ikkje er fullt ut formaliserte. Risikoen kan knyte seg til lange arbeidsdagar, høg fysisk belastning, bruk av farlege kjemikalier, utilstrekkeleg verneutstyr eller mangelfull opplæring. Enkelte leverandørar kan òg nytte innleigd eller utanlandsk arbeidskraft, der oppfølginga av lønn og arbeidsvilkår kan vere ujamn.

Det er generelt god oversikt og låg risiko i samarbeid med dei større verkstadaktørane, som har dokumenterte HMS-system og etablert praksis for internkontroll, men risikoen vert vurdert som høgare hos mindre og mellomstore verksemdar. Desse har ofte mindre kapasitet til systematisk HMS-oppfølging, rapportering og dokumentasjon, og arbeidet med openheitslova er ofte i ein tidleg fase.

Telemark Bilruter-konsernet følgjer difor opp verkstadtenester som eit relevant risikoområde, med særleg vekt på krav til helse, miljø og tryggleik, dokumentasjon av lønns- og arbeidsvilkår, samt oppfølging av underleverandørar der det er aktuelt.

Kvifor har risikoen fått denne vurderinga?

Sannsynlegheit for negative tilhøve vert vurdert som middels. Verkstadtenester og teknisk service vert i hovudsak leverte av norske aktørar med godt innarbeidde rutinar for HMS og arbeidsmiljø, men det finst variasjonar i modenheit og systematikk – særleg blant mindre leverandørar. Risikoen vert vurdert som moderat og knytt til faktorar som arbeidstid, fysisk belastning, bruk av kjemikalier, verneutstyr og innleigd arbeidskraft, der oppfølginga kan vere ujamn.

Konsekvensen vert òg vurdert som middels, sidan mangelfullt HMS-arbeid eller brot på lønns- og arbeidsvilkår kan få alvorlege følgjer for arbeidstakarane si helse, tryggleik og trivsel. Risikoen vert likevel vurdert som handterbar, sidan dei fleste faste samarbeidspartnarane har etablerte HMS-system, og konsernet stiller tydelege krav til dokumentasjon, internkontroll og trygge arbeidstilhøve hos alle verkstadleverandørar.

Innkjøp av transporttenester

Konsekvens ● , Sannsynlegheit ●

Kva er vi usikre på?

Telemark Bilruter-konsernet nyttar fleire lokale transportørar, distribusjonspartnarar og underleverandørar som utfører oppdrag innan godstransport, linjekøyring og busstenester. Desse samarbeidspartnarane bidreg til å sikre fleksibilitet, kapasitet og kontinuitet i transporttilbodet, og fleirtalet er etablerte norske verksemder med god kjennskap til regionale tilhøve og gjeldande regelverk.

Konsernet har godt utvikla rutinar for oppfølging av transportørar og underleverandørar, inkludert krav til kontraktsmessig etterleving av arbeidsmiljølovgeving, lønns- og arbeidsvilkår, køyre- og kviletid, samt HMS-oppfølging. Det vert gjennomført jamleg kontroll av dokumentasjon og dialog med samarbeidspartnarar for å sikre trygge arbeidstilhøve og forsvarleg drift.

Samtidig er konsernet merksam på den ibuande risikoen i denne delen av leverandørkjeda, særleg blant mindre transportaktørar og enkeltmannsføretak med avgrensa ressursar til systematisk HMS-arbeid og formell rapportering. Her kan det førekome lange arbeidsdagar, høgt arbeidspress, mangelfull opplæring og varierende oppfølging av innleigd arbeidskraft.

Risikoen vert vurdert som låg til moderat hos dei større transportaktørane, som har godt etablerte system for HMS og kvalitet, men som høgare hos mindre verksemder der formalisering og dokumentasjon framleis er under utvikling. Telemark Bilruter-konsernet følgjer difor opp området tett, både gjennom dialog, krav til dokumentasjon og løpande vurdering av leverandørtilhøve, for å sikre at alle samarbeidspartnarar etterlever krav til etisk forretningspraksis, menneskerettar og trygge arbeidstilhøve.

Kvifor har risikoen fått denne vurderinga?

Sannsynlegheita for negative tilhøve vert vurdert som låg, sidan Telemark Bilruter-konsernet har godt etablerte rutinar for oppfølging av transportpartnarar og underleverandørar. Det vert stilte tydelege krav til køyre- og kviletid, arbeidsvilkår, HMS og kontraktsmessig etterleving, og konsernet har tett dialog med samarbeidspartnarar for å sikre trygge og forsvarlege arbeidstilhøve. Samtidig vert den ibuande risikoen som finst i transportbransjen, særleg hos mindre aktørar og enkeltmannsføretak der kapasitet til dokumentasjon og systematisk HMS-arbeid kan vere avgrensa, anerkjend.

Konsekvensen vert vurdert som middels, sidan eventuelle brot på arbeidstidsføresegner, lønns- og arbeidsvilkår eller HMS-rutinar kan få alvorlege følgjer for arbeidstakarane si helse, tryggleik og trafiksikkerheita generelt. Risikoen vert likevel vurdert som godt handterbar, gjennom konsernet sine etablerte kontrollsystem, krav til dokumentasjon og løpande oppfølging av leverandørar og samarbeidspartnarar.

Innkjøp av avfallstenester

Konsekvens ●, Sannsynlegheit ●

Kva er vi usikre på?

Telemark Bilruter-konsernet samarbeider med utvalde aktørar innan innsamling, sortering, attvinning og behandling av avfall, både for drift av verkstader, terminalar og eigedommar, og ved handtering av produksjonsavfall og farleg avfall. Leverandørane er i

hovudsak etablerte norske selskap med solide system for miljøstyring, HMS og myndighetspålagde krav til handtering, transport og behandling av ulike avfallstypar.

Sjølv om samarbeidet i stor grad skjer med profesjonelle og godt regulerte aktørar, er konsernet medvite om den ibuande risikoen som kan førekome i denne delen av verdikjeda. Arbeidet med avfall og attvinning inneber fysisk krevjande oppgåver, bruk av tunge maskiner og handtering av kjemikalier og farlege material. Hos enkelte mindre leverandørar kan det førekome mangelfull opplæring, ufullstendig bruk av verneutstyr, varierende internkontroll og svak oppfølging av arbeidstilhøve.

Gjennom kartlegginga ser vi at fleire av leverandørane våre har lite publisert informasjon om korleis dei arbeider med tema i openheitslova, som menneskerettar, anstendige arbeidstilhøve og leverandørstyring. Dette gjer det meir krevjande å vurdere modenheita i leverandørleddet og å etterprøve praksis på områda etikk og sosial berekraft.

Telemark Bilruter-konsernet legg difor stor vekt på å samarbeide med seriøse og dokumenterte leverandørar, og stiller krav til HMS-rutinar, arbeidstilhøve og miljøsertifisering. Det vert gjennomført jamleg dialog og oppfølging for å sikre at avfallshandtering og gjenvinningsprosessar skjer på ein trygg, lovleg og berekraftig måte, i tråd med konsernet sine miljømål og verdiar.

Kvifor har risikoen fått denne vurderinga?

Sannsynlegheit for negative tilhøve vert vurdert som låg, fordi leverandørane innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall i hovudsak er etablerte norske aktørar som opererer under strenge miljø- og HMS-krav. Samtidig har fleire av leverandørane avgrensa publisert informasjon om korleis dei arbeider med menneskerettar, anstendige arbeidstilhøve og leverandørstyring. Telemark Bilruter-konsernet ønskjer difor å styrkje oversikta og transparensen på området gjennom vidare kartlegging og dialog.

Konsekvensen vert vurdert som middels, sidan mangelfull HMS-oppfølging eller feil handtering av avfall kan medføre alvorlege konsekvensar for både helse, tryggleik og ytre miljø. Risikoen vert likevel vurdert som handterbar, og konsernet vil halde fram med å følgje opp leverandørane for å sikre forsvarleg drift og større openheit i verdikjeda.

HMS i eigne arbeidsoperasjonar

Konsekvens ● , Sannsynlegheit ●

Kva er vi usikre på?

Telemark Bilruter-konsernet har mangfaldige arbeidsoperasjonar som spenner over person- og godstransport, verkstaddrift, logistikk, administrasjon og eigedomsforvaltning. Arbeidet vert i hovudsak utført i Noreg, under strengt regulerte rammer og med etablerte rutinar for helse, miljø og tryggleik.

Dei fleste tilsette arbeider innan transport, teknisk vedlikehald, planlegging, kundeservice, administrasjon og støttefunksjonar. Dette inneber både køyring av buss og lastebil, verkstadarbeid, terminaldrift og kontorarbeid. Konsernet har eit godt innarbeidd HMS-system som vert følgt opp gjennom vernerundar, risikovurderingar, sikker jobb-analysar (SJA) og systematisk opplæring.

Risikoen for brot på menneskerettar eller uverdige arbeidstilhøve vert vurdert som låg, sidan arbeidstilhøva er godt regulerte og det vert ført tett oppfølging av både tilsette og arbeidsmiljø. Samtidig er konsernet merksame på fleire moglege risikoområde som krev løpande merksemd:

Trafikktryggleik og arbeidstid: Sjøførarar kan oppleve høgt arbeidspress, krevjande køyretilhøve og uforutsigbare tidsplanar. Uheldig belastning over tid kan føre til stress, trøytteleik eller risiko for ulukker dersom reglar for køyre- og kviletid ikkje vert fullt ut etterlevde.

Fysiske belastningar: Verkstad- og logistikkpersonell handterer tunge komponentar, maskiner og teknisk utstyr. Feil bruk av løfteutstyr eller manglande ergonomiske tiltak kan gi slitasjeskadar og muskel-/skjelettplager.

Kjemikalie- og støveksponeering: Vedlikehaldsarbeid og reinhald av køyretøy og verkstadflater kan innebere kontakt med smøremiddel, drivstoffrestar og reinhaldsmiddel som krev gode vernerutinar og ventilasjon.

Kontorarbeid og administrasjon: Langvarig stillesitting, høg skjermbruk og tidspress i administrative roller kan gi risiko for belastningsskadar, synsplager og psykososialt stress, dersom ergonomi og arbeidsrytme ikkje vert ivaretekne.

Psykososiale tilhøve: Transport- og serviceyrke kan vere prega av skiftarbeid, kundekontakt og tidspress, som i enkelte tilfelle kan føre til stress, konflikhtar eller redusert trivsel.

Tryggleik ved eigedoms- og terminaldrift: Arbeid på og rundt trafikkerte terminalar, parkeringsområde og verkstadanlegg kan innebere risiko for ulukker ved mangelfull merking, belysning eller rutinar for adgangskontroll.

Telemark Bilruter-konsernet har eit tydeleg fokus på førebygging av arbeidsrelaterte skadar, trivsel og tryggleik blant dei tilsette. Det vert arbeidd systematisk med opplæring, rutinar for rapportering av avvik, og tiltak for å styrkje både fysisk og psykososialt arbeidsmiljø.

Gjennom kontinuerleg forbetring, medarbeidarinvolvering og forankring i leiinga sikrar konsernet at alle arbeidsoperasjonar – frå verkstad og transport til kontor og administrasjon – vert utførte på ein trygg, forsvarleg og profesjonell måte, i tråd med gjeldande lover, forskrifter og interne retningslinjer.

Kvifor har risikoen fått denne vurderinga?

Sannsynlegheit for negative tilhøve vert vurdert som låg, sidan Telemark Bilruter-konsernet sine eigne arbeidsoperasjonar skjer i Noreg under strengt regulerte tilhøve og med etablerte rutinar for helse, miljø og tryggleik. Arbeidstilhøva er stabile, dei tilsette har trygge tilsetjingsvilkår, og det vert ført tett oppfølging av både fysisk og psykososialt arbeidsmiljø.

Konsekvensen vert òg vurdert som låg, sidan konsernet har god kontroll på risikotilhøve som trafikk- og verkstadarbeid, fysisk belastning og kontorrelaterte utfordringar som ergonomi og stress. Eventuelle hendingar knytte til HMS eller arbeidsmiljø vil som regel ha avgrensa omfang og verte handterte raskt gjennom etablerte prosedyrar. Risikoen

vert difor vurdert som låg og godt handterbar, og Telemark Bilruter-konsernet vil halde fram med å vidareutvikle det systematiske HMS-arbeidet sitt for å sikre eit trygt, inkluderande og berekraftig arbeidsmiljø i heile organisasjonen.

Tiltak for å handtere risiko

Vidareføre selskapet sitt HMS-arbeid

Telemark Bilruter-konsernet vil vidareføre og styrkje arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMS) i tråd med konsernet sine etablerte rutinar og praksis. Målet vårt er å sikre kontinuerleg forbetring gjennom systematiske risikovurderingar, målretta opplæring, jamlege gjennomgangar og strukturert internkontroll i alle delar av verksemda. HMS-arbeidet vert gjennomført i dei eksisterande HMS-systema i dei ulike selskapa, og skjer i samsvar med arbeidsmiljølova og gjeldande HMS-regelverk.

HMS skal vere ein integrert del av den daglege drifta, uavhengig av arbeidsstad, funksjon eller rolle – anten ein jobbar i transport, verkstad, terminal, eigedomsforvaltning eller administrasjon.

Konsernet er òg oppmerksame på at enkelte arbeidssituasjonar kan skje utanfor faste driftsområde, som ved køyring på oppdrag, arbeid på eksterne anlegg eller administrative oppgåver utførte utanfor kontoret. Slike situasjonar krev særleg merksemd og vil bli følgde opp særskilt i tråd med konsernet sine etablerte HMS-rutinar, for å sikre trygge arbeidstilhøve og eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette.

Den ønskete effekten av HMS-arbeidet i Telemark Bilruter-konsernet er å redusere sannsynlegheita for uønskete hendingar i den daglege drifta og bidra til eit trygt, helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø. Eit strukturert og førebyggjande HMS-system skal bidra til lågare sjukefråvære, førebyggje muskel- og skjelettplager, og leggje til rette for trygge arbeidstilhøve for alle tilsette – uavhengig av arbeidsstad, funksjon eller rolle.

Konsernet har som mål å styrkje det psykososiale arbeidsmiljøet gjennom openheit, tydeleg kommunikasjon, støtte frå leiinga og føreseielege rammer i arbeidskvardagen. HMS-arbeidet skal ikkje berre oppfylle lovpålagde krav, men vere ein integrert del av konsernet sitt arbeid med kvalitet, tryggleik, profesjonalitet og kontinuerleg forbetring.

Framover vil konsernet ha auka merksemd på ergonomi, psykososiale tilhøve og organisatoriske risikofaktorar, både i transport, verkstad, terminal- og kontorarbeid. Målet er å førebyggje fysiske og mentale belastningar, og samstundes sikre lågt sjukefråvær, høg trivsel og god helse blant alle tilsette i konsernet.

Overvaking av tiltak hos dei største leverandørane våre

For alle vesentlege leverandørar vert det innleiingsvis gjennomført informasjonsinnhenting frå opne og offentleg tilgjengelege kjelder, inkludert selskapa sine egne rapportar, berekraftsrapportar, etiske retningslinjer, offentlege register, tredjepartsvurderingar og annan relevant ekstern dokumentasjon. Denne innhentinga gir eit første grunnlag for å vurdere korleis leverandørane arbeider med ansvarleg forretningspraksis, menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve.

Vidare vert det gjort jamlege og systematiske gjennomgangar av mottatt dokumentasjon frå dei mest sentrale leverandørane. Dette omfattar mellom anna leverandørane sine egne aktsomheitsvurderingar, interne retningslinjer, HMS-system og annan policy- og styringsdokumentasjon. Gjennom dette arbeidet vert det skapt inngåande innsikt i korleis leverandørane identifiserer, førebyggjer og handterer risiko for brot på menneskerettar, arbeidsvilkår og helse, miljø og tryggleik i eiga verksemd og vidare i verdikjeda.

Denne kontinuerlege overvakinga gir eit betre bilete av korleis tiltak faktisk er implementerte og etterlevde i praksis, og gjer det mogleg å identifisere eventuelle svakheiter, avvik eller forbedringsbehov i leverandørane sitt arbeid med ansvarleg forretningsdrift.

Utsending av leverandørkrav

Det vert utarbeidd og distribuert egne leverandørkrav som vert sende til alle vesentlege leverandørar der det er identifisert relevant risiko. Krava skildrar tydeleg forventningane våre knytte til respekt for menneskerettar, ivaretaking av anstendige arbeidstilhøve og systematisk HMS-arbeid både i eiga verksemd og i eventuelle underleverandørledd.

Gjennom skriftleg utsending av desse krava vert det etablert eit felles rammeverk som dannar grunnlag for vidare samarbeid. Samstundes vert det tydeleggjort at desse tilhøva er ein integrert del av kontraktstilhøvet og vert vurderte løpande i oppfølginga av leverandørtilhøvet. Krava skal òg bidra til at leverandørane går gjennom egne rutinar, system og praksis for å sikre etterleving av krava som vert stilte.

Gjennomføring av stikkprøver hos utvalde leverandørar

For enkelte leverandørar med særskild risiko eller der informasjonsgrunnet vert vurdert som utilstrekkeleg, vert det gjennomført stikkprøvebasert kontroll. Formålet er å verifisere og kvalitetssikre mottatt informasjon, samt avdekkje eventuelle avvik eller svakheiter i etterlevinga av krava.

Stikkprøvene kan omfatte gjennomgang av tilleggsdokumentasjon, kontroll av korleis rutinar faktisk vert følgde opp i praksis, eller dialog med leverandøren om konkrete tilhøve.

Denne kontrollaktiviteten bidreg til å styrkje kvaliteten i den samla risikovurderinga, og gir grunnlag for å identifisere behov for korrigerande tiltak eller forbedringar i leverandøren sitt arbeid med menneskerettar, anstendige arbeidstilhøve og HMS.

Utsending av spørjeundersøking

For leverandørar der det ligg føre avgrensa eller mangelfull dokumentasjon gjennom opne kjelder, leverandøren si eiga rapportering eller tidlegare innhenta informasjon, vert det gjennomført særskilde spørjeundersøkingar. Formålet er å hente inn tilleggsinformasjon om korleis leverandøren faktisk arbeider med anstendige arbeidstilhøve, grunnleggjande menneskerettar og HMS i praksis. Undersøkinga dekkjer temaområde som arbeidstid, lønns- og kontraktstilhøve, fagorganisering, likebehandling, opplæring, HMS-organisering og bruk av eventuelle underleverandørar.

Informasjonen som vert motteken gjennom undersøkinga gir eit meir heilskapleg avgjerdsgrunnlag i situasjonar der annan dokumentasjon er avgrensa. Resultata vert nytta aktivt i vidare risikovurderingar, prioriteringar og oppfølgingsaktivitetar overfor den enkelte leverandør.

Varslar om faktiske og moglege brot på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i Telemark Bilruter AS sine verksemdar

Vi oppmodar tilsette og andre til å varsle om faktiske eller moglege brot på anstendige arbeidstilhøve og grunnleggjande menneskerettar. Dersom du ønskjer å varsle om moglege brot, eller har andre spørsmål om arbeidet vårt med openheitslova, kan du kontakte oss på: post@telemarkbil.no.

Vedteke :

Dato		Signatur styret
16.12.2025		[Elektronisk signatur]

Signert utgreiing kan fåast ved å vende seg til: post@telemarkbil.no.

Svein K

Svein Kostveit




Gerd

Gerd Straume



Ingunn V. Laun

Ingunn Vik Launes



Knut Gjersund

Knut Gjersund



Lars Arne Straand

Lars Arne Straand



Tor Einar Andersson

Tor Einar Andersson



Øyvind Gletne

Øyvind Gletne

